

## **Skulemiljøutvalet referat, Hordabø skule 20.03.2014**

*Desse møtte:*

*Mia Vågenes Solheim, elevrepr.*

*Benjamin G. Barstad, elevrepr.*

*Oliver Rikstad, elevrepr.*

*Arve Haugland, leiar FAU*

*Gro Håland, FAU*

*Vidar Kvalheim, foreldrerepr. SFO*

*Elisabeth Sigaard, lærar*

*Johannes Mangersnes, lærar*

*Anne-Berit Bø Palmesen, Radøy kommune*

*Hanne-Mari Engen, rektor*

Rektor informerte om skulemiljøutvalet (SMU) sine oppgåver.

### **Gardinar i klasserom**

Oliver melder at i nokre klasserom får ein ikkje blenda for vindauga, fordi det ikkje er nok gardinstoff.

### **Kunst og handverksdag**

Veit de føresette om nokon av dykk/andre som kan bidra på ein kunst-/handverksdag i haust her på skulen? Johannes veit om ein som er flink å laga knutar. Sule av greiner.

### **Utemiljø**

Me held på å kjøpa inn nye uteleiker. Konstruktiv aktivitet i friminutta førebyggjer mobbing. Tore Rikstad (leiar bygg) har vore på synfaring her i forhold til å setja opp ny kråkereir-disse på skuleplassen, og me har ein plan for korleis det skal gjerast. For tida er det andre oppgåver som må prioriterast før dette arbeidet kjem i gang. FAU har sett av midlar til disså.

### **Trivsel på skulen**

Me held no på å førebu ny sesong for skulehagen.

Hausten 2013 hadde me ei elevundersøking i regi av Utdanningsdirektoratet, som gjekk på trivsel og læring. Publiseringa av resultatata av elevundersøkinga vert 31.03.2014

Referent: Hanne-Mari Engen, rektor.